

Merknadsskjema – konkrete fråsegn og motsegn

|              |   |
|--------------|---|
| Plannavn     | KDPA, Os-delen eller arealdelen til kommunedelplanen for Os |
| Arealplan-ID |   |
| Saksnummer   | 19/10091 og 19/2695   |
| Utarbeida av | Bjørnafjorden kommune                                       |
| Sist revider | 12.05.2020  |

| Avsender                                       | Hovudpunkt i merknad  | Kommentar   | Kommunaldirektøren si innstilling  | Prinsipp | Plan- og bygningsutvalet sitt vedtak |
|--|---|---|--|----------|--------------------------------------|
| 7.1<br><b>Statens vegvesen</b><br>(10.09.2019) | Grunnlag for motsegn er SBATP, trafikktryggleik og framkomst. Motsegnene går både på planføremål og føresegner Ein del planføremål føreset kostnadskrevjande rekkefølgjekrav som ikkje er dokumentert realistiske. Det er derimot positivt at kommunen no får eit styringsverktøy som er etter gjeldande plan- og bygningslov. Det digitale kommuneplankartet gjer planen tilgjengeleg og lett å manøvrere rundt i. Derimot er KU-dokumenta vanskeleg å lese og få oversikt over. | Dette er eit generelt punkt. Dei spesifikke punkta med fråsegn og motsegn kommer nedover. Kommunen har jobba mykje med kart for å presentere planen på ein oversiktleg måte. Men KU-dokumentet kan vere vanskeleg å lese. | Til orientering  | O1       | Samrøystes vedteke.                  |
| 7.2<br>Krins 1:<br>Osøyro                      | Dei fremjar motsegn mot bustadføremål i Mobergsbakken.  | Sentrumsområdet er strekt oppover Mobergsbakken. Det er naturleg å legge inn eit rekkefølgjekrav som sikrar gåande og syklande. Dette vil òg  | Det blir lagt inn eigne rekkefølgjekrav om at Mobergsbakken må utbetraast ned til Osøyro for å sikre gåande og syklande før det kan tillatast meir | O2       | Samrøystes vedteke.                  |

|     |  |  |   |     |  |
|-----|--|--|---|-----|--|
|     |  | bli følgt opp i områdeplan for Osøyro.   | bustadbygging langs Mobergsbakken.  |     |  |
| 7.3 | Dei fremjar motsegn mot bustadføremål i Mobergslia.  | Det må diskuterast om Mobergslia skal ligge innanfor eller utanfor ytre fortettingszone rundt Osøyro. Dette må avklarast i neste møte når me ser nærmere på arealreknskapen. | Dersom Mobergslia blir liggende innanfor ytre fortettingszone rundt Osøyro vil det bli lagt inn rekkefølgjekrav som sikrar trygge forhold for gåande og syklande heilt ned til Osøyro.  | O2  | Vedtatt med 5 mot 4: Bustadføremål i Mobergslia blir tatt ut av KDPA |
| 7.4 | Dei fremjar også motsegn mot bustadområdet sør for Midtbøvegen.  | Moldegård er del av eit viktig kulturlandskap og del av kjerneområde for landbruk. Område inngår også i den såkalla «grøne ringen» rundt sentrum.                            | Motsegna blir tatt til følgje og området sør for Midtbøvegen blir tatt ut av planen som bustadområde.   | O1  | Vedtatt med 5 mot 4  |
| 7.5 | Finnebrekka og Hamnevegen. Dei forutset at ny/utbetra tilkomst blir avklara gjennom arbeidet med ny områdeplan for sentrum.  | Det er diskutert ulike løysingar for ny/utbetra tilkomst i områdeplan for Osøyro.  | Til orientering.<br>Ny/utbetra tilkomst til Finnebrekka blir avklara gjennom arbeidet med ny områdeplan for Osøyro.   | O10 | Samråystes vedteke.  |
| 7.6 | Dei har merknad til etablering av næring og bustad på Lyssand. Dei meiner eks. bygg ligg alt for nært fylkesvegen og dermed er utsett for støy. Avkjørsel og tilkomst må endrast og kryssingspunkt for mjuke trafikantar må sikrast. | Dette er del av ei pågående plansak. Det er utarbeida planprogram.   | Utvalet meiner at dei problemstillingane som Statens vegvesen viser til kan løysast som del av reguleringsplanarbeidet. Utvalet holder fast på planforslaget.<br>Utvalet hadde i tillegg spørsmålet oppe i sak 93/2020 der dei vedtok at føresegna vart retta slik at området kan nyttast til bustad/kontor/næring. | O6  | Samråystes vedteke.  |

|                               |  |  |  |    |   |
|-------------------------------|--|--|--|----|---|
| 7.7                           | Dei har merknad til bustad ved Ulvenvatnet.  | Del av kjerneområde for landbruk. Nytt bustadområdet bør takast ut.  | Utalet tar fagleg råd til følge og tar ut nytt bustadareal ved Ulvenvatnet mellom industriområdet og gravplassen, grunna støy både frå industriområde og E39.                        | O6 | Vedtatt med 5 mot 4   |
| 7.8                           | Dei har merknad til ny barnehage i Mobergsbakken grunna dårlig tilkomst  | Sjå pkt. 7.2   | Det blir lagt inn eigne rekkefølgjekrav om at Mobergsbakken må utbetraast ned til Osøyro for å sikre gåande og syklande før utbygging av ny barnehage i Mobergsbakken.               | O2 | Vedtatt med 5 mot 4: Barnehage i Mobergsbakken blir tatt ut av KDPA |
| 7.9                           | Dei har merknad til område på Moberg for vanskelegstilte grunna støy.  | Området kan støyskjermast. Bruken av området kan diskuterast. Det kan enten bli mikrohus for vanskelegstilte eller ei formål knytt opp mot «blålys-etatane». | Utalet meiner at offentleg område på Moberg blir beholdt, men bruken kan diskuterast. Støykrav kan stillast i føresegna. Tekniske løysingar må avklarast i reguleringsplanprosessen. | O6 | Samrøystes vedteke.   |
| 7.10                          | Dei rår frå nytt næringsareal på Moberg av omsyn til toplanskrysset til E39 og framtidig behov for utbetring av veg og etablering av gang- og sykkelveg. | Det er starta eige planarbeid for dette området.   | Nytt næringsområde på Moberg blir beholdt. Behov for utbetring av veg og etablering av gang- og sykkelveg må avklarast i reguleringsplanprosessen.                                   | O6 | Samrøystes vedteke.   |
| 7.11<br>Krins 2:<br>Søfteland | Dei har motsegn mot meir utbygging aust for kryss Langedalen – E39 før krysset er utbetra. Dette gjeld òg areal til offentleg og privat tenesteyting.    | Området er tenkt utvikla som eit senterområde. Betre tilkomst må sikrast gjennom dette arbeidet.   | Det blir lagt inn eigne rekkefølgjekrav om at krysset mellom E39 og Langedalen må opparbeidast før meir utbygging aust for krysset.  | O2 | Samrøystes vedteke.   |
| 7.12                          | Dei rår i frå utviding av bustadområdet i Hjellemarka og Gåsakilen. Tilhøvet til Den Stavangerske postvei kan løysast                                    | Resten av området mellom Gåsakilen og postvegen er ei naturleg utviding av bustadområdet. Det må leggjast inn  | Utviding av bustadområde ved Gåsakilen blir beholdt. Det vert lagt inn eiga omsynssone rundt postvegen.  | O6 | Vedtatt med 5 mot 4: Utviding av bustadområde i Hjellemarka og      |

|                                |   |   |   |    |  |
|--------------------------------|---|---|---|----|--|
|                                | med omsynssone i føresegnehene og kommuneplankartet.  | ein god buffer både mot vatnet og postvegen.  |   |    | Gåsakilen blir tatt ut av KDPA. Det blir lagt inn eiga omsynssone rundt postvegen. |
| 7.13                           | Dei har merknad til område for ny ungdomsskule tett på eks. E39.  | Dette offentlege området på Søfteland er gjort om til idrettsføremål.   | Fagleg råd er ikkje lenger aktuelt då det offentlege området på Søfteland er gjort om til idrettsføremål. | O6 | Samrøystes vedteke.  |
| 7.14<br>Krins 3:<br>Søre Neset | På Søre neset er det lagt ut mange små område for bustad. Det er smale vegar utan gang- og sykkeltilbod, sjølv om det for fleire er gåavstand til skule, er det biltrafikk som må løyse tilkomst til butikk og andre målpunkt. Dei har motsegn til nye område som ligg utanfor ytre fortettingssone, i ein del av kommunen som per definisjon ikkje skal ha vidare utbygging. Det må stillast rekkefølgjekrav til opparbeiding av gang- og sykkeltilbod før eventuell vidare utbygging i området. | Søre Neset er ein krins med spreidd utbygging, pluss nokre store bustadområder. Senterområdet er lagt til Halhjem. Lunde skule ligg då utanfor senterområdet.                         | Til orientering.<br>Kjem attende til dette i eiga sak om motsegn til enkeltområder..                      | O8 | Samrøystes vedteke.  |
| 7.15                           | Dei har motsegn mot hotell med utleigehytter. Det må avklarast tilkomst.  | Kommunedirektøren rår til at motsegna bør imøtekomaast og at hotell med utleigehytter på Innerøy bør gå ut av planen. Området ligg elles på ei øy som i dag ikkje har vegforbindelse. | Motsegna blir tatt til følgje og hotell med utleigehytter på Innerøy går ut av planen.                    | O1 | Vedtatt med 5 mot 4  |
| 7.16                           | Areal for akvakultur i Indrepollen må ha avklara tilkomst.  | Akvakultur i Indrepollen har kun hatt tilkomst frå sjøsida.   | Areal for akvakultur er bare vidareført frå gjeldande plan.   | O6 | Samrøystes vedteke.  |

|                                |   |   |   |    |                     |
|--------------------------------|---|---|---|----|---------------------|
|                                |   | <p>Areal for akvakultur er vidareført frå gjeldande plan</p> <p>Det er ikkje høve til å fremme motsegn på området. Gjeldande KPA vart vedtatt i 2012. Tilhøva kring tilkomst har ikkje endra seg sidan planvedtaket 2012 jf. pbl. § 5-5.</p>            |   |    |                     |
| 7.17                           | Dei har motsegn mot ny barnehage som ligg i raud og gul støysone langs høgtrafikkert veg.   | <p>Areal for ny barnehage på Søre Neset ligg strategisk til rett ved Lekven/Lunde krysset. Men ligg tett opp til Halhjemsvegen og delvis i raud støysone.</p> <p>Av omsyn til folkehelse bør ein finna barnehageareal som ikkje er like støyutsatt.</p> | Motsegna blir tatt til følgje og foreslått areal for ny barnehage på Søre Neset, aust for E39 ved Lekvenvatnet, går ut av planen. | O1 | Vedtatt med 5 mot 4 |
| 7.18<br>Krins 4:<br>Søre Øyane | Det kan ikkje tillatast meir utbygging eller fortetting innanfor eksisterande bustadområde på Lepsøy (ved Kongshaug) utan at krysset mot fylkesvegen blir utbetra eller flytta. | <p>Dette kravet kjem opp i kvar enkelt byggesak på Lepsøyneset. Det er naturleg at det vert lagt inn som eit rekkefølgjekrav.</p> <p>Rekkefølgjekrav vil sikre at krysset vert opparbeida, og utfordringa løyst.</p>                                    | Det vert lagt inn rekkefølgjekrav for Lepsøyeneset om utbetring av kryss med fylkesvegen før det kan tillatast meir utbygging.    | O2 | Samrøystes vedteke. |
| 7.19                           | Statens vegvesen meiner det ikkje bør tillatast meir  | Sentrum bør i høg grad konsentrerast. Men ytre  | Ytre fortettingssone på Røtinga bør reduserast meir i samsvar   | O6 | Vedtatt med 5 mot 4 |

|      |  |  |   |     |                     |
|------|--|--|---|-----|---------------------|
|      | bustadbygging på Røtinga fordi ei utbygging blir bilbasert.<br>Grunngjeving er føringane i SBATP.  | fortettingssone vil gå lenger ut. (1 km er maks gangavstand). Her strekker ytre fortettingszone seg ut ca. 2 km. (Dette vart politisk vedtatt av PBU)<br><br>Dersom utvalet reduserer avstand i samsvar med administrasjonen sitt opprinnelige forslag, vil truleg motsegnet kunne trekkast. | med administrasjonen sitt opprinnelige forslag.                                     |     |                     |
| 7.20 | Dei har motsegn mot nytt næringsområde på Røtinga. Infrastrukturen er ikkje god nok til å ha næringstrafikk pga. smal veg og dårlig tilbod til mjuke trafikantar. Det er òg dårlig kapasitet på bruene ut til Røtinga. | Nytt næringsområde har ein plassering som ikkje stettar opp under folkehelse og omsynet til born og unge. For å kome til dette næringsområdet må ein kjøre gjennom eksisterande bustadområder med dårlig veg.  | Motsegna blir tatt til følgje og nytt næringsområde på Sundøytangen går ut.         | O1  | Vedtatt med 5 mot 4 |
| 7.21 | Dei har merknad til to naustområder som ligg tett opp mot fylkesvegen.   | Det eine er forlenging av eksisterande naustområde. Det andre er eit nytt område.  | Til orientering.<br>Kjem attende til dette i eiga sak om motsegn til enkeltområder. | O10 | Samrøystes vedteke. |
| 7.22 | Dei har òg motsegn til nytt offentleg område (barnehage) i Gjelevika.  | Området ligg utanfor indre fortettingssone. Tilkomst gjennom eit industriområde.<br><br>Plasseringa av barnehage så tett på industriområdet stettar ikkje opp under omsynet til folkehelse og omsynet til born og unge.  | Motsegna blir tatt til følgje og nytt offentleg område i Gjelevika går ut.          | O1  | Vedtatt med 5 mot 4 |

|                                |  |   |   |     |                     |
|--------------------------------|--|---|---|-----|---------------------|
|                                |  | <p>Det er ein fordel å kunne ha barnehage tett på eige arbeidsplass.</p> <p>Kommunedirektøren meiner likevel at barnehagar bør løysast i nærmiljø til bustad framfor arbeidsplass. Særleg der arbeidsplassen er industri.</p> |   |     |                     |
| 7.23<br>Krins 5:<br>Nore Neset | Mange bustadområde er i strid med SBATP og har mangelfullt tilbod til gåande og syklande. Utbygginga blir då bilbasert og har låg kollektivdekning.                                    | Dette er områder som ligg utanfor senterstrukturen.   | Til orientering.<br>Kjem attende til dette i eiga sak om motsegn til enkeltområder. | O10 | Samrøystes vedteke. |
| 7.24                           | Areal lagt inn som sentrumsformål tar ikkje omsyn til byggegrense i kryss.   | <p>Frisikt og byggegrenser blir del av reguleringsplan-arbeidet.</p> <p>Frisikt og byggegrensar mot veg følgjer av veglova, der ikkje anna følgjer av plan. Dette er vert tema i neste plannivå, og ikkje i KPA.</p>          | Frisikt og byggegrenser mot veg må sikrast i etterfølgjande reguleringsplan-arbeid. | O6  | Samrøystes vedteke. |
| 7.25<br>Krins 6:<br>Nore Øyane | Bustadbygging på Strøno er ikkje i samsvar med BATP. Det vil bli ein bilbasert utbygging langs ein veg med låg kvalitet og som har manglande/mangefullt tilbod til gåande og syklande. | Dette vil me kome attende til Nye områder bør takast ut. Samstundes må eksisterande områder vurderast på nytt.  | Til orientering.<br>Kjem attende til dette i eiga sak om motsegn til enkeltområder. | O10 | Samrøystes vedteke. |
| 7.26                           | Strønebrua, bruva over til Nore Øyane, har avgrensa kapasitet. Det er ikkje planar om oppgradering utover vanleg vedlikehald.  | Det er sett av areal til ny bru i plankartet, så planen legg til rette for at bruva kan utvidast. Men gjennomføring av dette ligg nok langt fram i tid.   | Til orientering.  | O10 | Samrøystes vedteke. |

|                                     |  |   |   |    |                    |
|-------------------------------------|--|---|---|----|--------------------|
| 7.27<br>Krins 7<br>Lysefjorden      | Statens vegvesen meiner at føresetnaden for å bygge mange arbeidsplassar i Lyseparken med den geografiske plasseringa, er eit godt utbygt gang- og sykkeltilbod og kollektivtilbod. Vidare utbygging i denne krinsen er i utgangspunktet ikkje i samsvar med SBATP. Avstand til Osøyro og andre målpunkt er ei utfordring. Bustadbygging her er for ein stor del bilbasert og støttar ikkje opp under nullvekstmålet for biltrafikken. Den planlagte nye vegarmen frå Åsen til Søvik er positiv. Dei fremjar motsegn mot auka bustadbygging i Endelausmarka, Åsen, Lauvåsen og Sjøbøhaugane. | Kommunen legg til rette for fleire lokale arbeidsplassar som i vesentleg grad vil redusere utpendlinga frå kommunen. Det er rekkefølgjekrav for gang sykkel samband mellom Lyseparken og koblingen Osøyro/Bergen. Åsen-Helleskaret vert bygd med gang og sykkelveg. Det er forventa stor folkeauke i Lysefjorden, men det ligger alt inne så mykje nytt areal til bustad mellom Lyseparken og Hellebakkane at det ikkje er behov for å legge inn meir i denne planperioden. | Motsegna blir tatt til følgje og nye område i Lauvåsen, Hellebakkane og del av Sjøbøhaugane går ut. | O1 | Utsatt             |
| 7.28<br>Krins 8:<br>Hegglands-dalen | Ingen av dei nye område i denne krisen er i samsvar med SBATP fordi det er lang veg til skule, barnehage og andre viktige målpunkt. Men kan i eit område støtte ei mindre fortetting av bustadar.  | Det er bare eit nytt område i denne krinsen og der kan SVV støtte ei mindre fortetting. Innspel 154 høyrer til Osøyro. Innspel 354 vart ikkje lagt inn i planen.  | Nytt område for bustad ved Lio blir beholdt i planen, men området blir redusert.                    | 08 | Samrøytes vedteke. |
| 7.29                                | Det er òg lagt ut to område for akvakultur der tilkomsten ikkje er avklart.  | Dei to områda ligg òg i gjeldande plan. Tilkomst er via sjøvegen.<br><br>Det er ikkje høve til å fremme motsegn på området. Gjeldande KPA vart vedtatt i 2012. Tilhøva  | Til orientering.<br>Areal for akvakultur er bare vidareført frå gjeldande plan.                     | O6 | Samrøytes vedteke. |

|                     |  |   |   |     |  |
|---------------------|--|---|---|-----|--|
|                     |  | kring tilkomst har ikkje endra seg sidan planvedtaket 2012 jf. pbl. § 5-5.  |   |     |  |
| 7.30<br>Anna:       | Statens vegvesen fremjar ei generell motsegn til område for massedeponi som ikkje er konsekvensutgreidd.   | Dette arbeidet er alt utført. Det er laga ei utvida KU for dei seks områda for massedeponi.   | Motsegn blir tatt til følgje. Administrasjonen har alt bestilt og fått utarbeida ein utvida KU for dei seks områda for massedeponi. | O1  | Samrøystes vedteke.  |
| 7.31                | Dei meiner at planføremålet LNF-spreidd ikkje bør vere naudsynt i Os kommune. Det kan òg vere vanskeleg å realisere fleire av desse områda grunna at det ikkje kan gjevest ny avkjørsel eller utvida bruk av eksisterande avkjørsel.   | LNF-spreidd ligg inne i gjeldande KPA og er vidareført i ny plan.<br><br>Det er ikkje høve til å fremme motsegn jf. pbl. § 5-5.   | Til orientering.<br><br>LNF-spreidd områda er bare vidareført frå gjeldande plan.   | O6  | Samrøystes vedteke.  |
| 7.32<br>Føresegner: | Det må ikkje leggjast inn nye areal der det blir for kostnadskrevjande å innfri eit rekkefølgjekrav om gang og sykkelveg og utbetring av kryss. Det må dokumenterast at eit tiltak er «sikra gjennomført». Det må dokumenterast kva kostnader eit rekkefølgjekrav medfører prosjektet før ein kan vurdere om eit tiltak er sikra gjennomført med å inngå til dømes utbyggingsavtale. | Rekkefølgjekrav knytter seg til tiltak som har sakleg samanheng med og som er naudsynt å gjennomføre for å kunne realisere ein utbygging. Utbyggingsavtaler har ikkje noko med dette å gjere.<br><br>Føresegna er knytt til kapittelet om bruk av utbyggingsavtaler. Og utbyggingsavtaler kan nyttast for å sikre gjennomføring av rekkefølgje krav. Det er imidlertid ein konkret vurdering av kvar enkelt tiltak og utbyggingsavtale. | Til orientering.<br><br>Det vert ikkje lagt inn nye areal med rekkefølgjekrav som ikkje er mogeleg å gjennomføre.                   | O10 | Vedtatt med 5 mot 4:<br>Til orientering.<br>Det vert ikkje lagt inn nye areal når rekkefølgjekrava ikkje er mogeleg å gjennomføra. |

|      |  |  |  |    |                     |
|------|--|--|--|----|---------------------|
| 7.33 | Føresegn 3.1.3 første setning – her må ordlyden presiserast med: «For riks- og fylkesveg gjeld krava i vegnormalar gjeve av vegdirektoratet». Føresegn 3.1.3 andre setning kan takast ut.  | Denne presiseringa for riks- og fylkesveg kan leggjast inn i føresegna. Når det gjelder kommunale vegar vil vi N100 som ligger til grunn for kommunal vegnorm. Andre setning i føresegn 3.1.3 kan gå ut. | Tar fagleg råd til følgje og rettar føresegna. Men legg til at kommunal vegnorm gjeld for kommunale vegar. | O5 | Samrøystes vedteke. |
| 7.34 | Føresegn 4.12 om støy må gjelde heile kommunen og ikkje berre i senterområda.  | Føresegn 4.12 skal gjelde for heile kommunen. Men overskrifta for kap. 4 må endrast eller så må kap. 4 delast i to.  | Tar fagleg råd til følgje og rettar føresegna.   | O5 | Samrøystes vedteke. |
| 7.35 | Omsyn til kulturminne må gjelde heile kommunen og ikkje berre i senterområda.  | Dette er det same som i foregående punkt. Overskrift for kap. 4 må endrast.  | Tar fagleg råd til følgje og rettar føresegna.   | O5 | Samrøystes vedteke. |
| 7.36 | Statens vegvesen er kulturminnemyndigkeit for historiske vegfar og foreslår følgjande ny formulering: «Heile det historiske veganleggget Den Stavangerske postvei innafor område skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Innanfor omsynssona skal det ikkje gjerast inngrep i terren og vegetasjon, eller setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan gjere skade på postvegen, forandre vegen sin karakter, eller utilbørleg skjemme kulturminnet, med mindre det er gjeve løyve til dette av | Det er ikkje noko ueinigheit om at det er viktig å ta vare på den gamle postvegen. Det vert lagt inn ei omsynssone rundt dei intakte delane av den gamle postvegen.                                      | Tar fagleg råd til følgje og rettar planen.  | O5 | Samrøystes vedteke. |

|   |   |  |  |    |                     |
|---|---|--|--|----|---------------------|
|   | kulturminnemyndighetene ved Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.»   |  |  |    |                     |
| 7.37  | Føresegn 5.1.1 – «vilkåret om at forholdet til transportnettet er avklara» som det står i punkt 4, gjeld også for punkt 2 og 3.   | Rår til at dette vert lagt inn i føresegnene.  | Tar fagleg råd til følgje og rettar føresegna. | O5 | Samråystes vedteke. |
| <b>20.1<br/>Hordaland<br/>Fylkes-<br/>kommune<br/>ved utval for<br/>kultur, idrett<br/>og regional<br/>utvikling<br/>(KIRU), møte<br/>30.09.2019.</b> | <p>Utvalet ser det som positivt at kommunen oppdaterer KPA slik at den blir eit styringsverktøy etter gjeldande plan- og bygningslov.</p> <p>Utvalet meiner KPA for Os bare delvis tek opp i seg utfordringane knytt til klima og miljø, og nedbygging av landbruksareal og strandsone. Planen følger ikkje i tilstrekkeleg grad opp måla om berekraftig samfunnsutvikling nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel 2015- 2027.</p> | <p>Arealplanen byggjer på dei overordna føringane som ligg i samfunnsdelen. Men det er ei utfordring i forhold til areal til bustad og omarbeide gjeldande plan frå akse-tenking til senterområde-tenking.</p> <p>Arealplanen tar sikte på å harmonere etablert aksetenking med senterområde-tenkinga. Det er naudsynt å innover seg etablerte mønster når vegen vidare skal stakast ut. Det er ikkje meiningsa at kommunen skal sjå bort i frå samfunnsøkonomiske investeringar som alt er gjort.</p> | Til orientering.                               | O6 | Samråystes vedteke. |
| 20.2  | Osøyro er definert som regional vekstsone der hovuddelen av veksten i kommunen bør skje. Framlegg til KPA støttar ikkje opp under dette målet.  | Det har vore eit mål om at mest mogeleg av veksten skal kome nær Osøyro. Planutkastet legg til grunn at 45 % av all ny bustadbygging i vestre del av kommunen skal kome i Osøyro.  | Til orientering.                               | O6 | Samråystes vedteke. |

|      |  |   |  |     |                     |
|------|--|---|--|-----|---------------------|
| 20.3 | KPA Os bidrar ikkje i tilstrekkeleg grad til ein meir kollektivbasert byutvikling og legg ikkje i tilstrekkeleg til rette for sykkel og gange. Fortettingssonene er for store. Det er ikkje sett av areal til infrastruktur for kollektiv og sykkel. | <p>Os jobbar med eigen sykkelstrategi. Dette arbeidet tar inn over seg at utstrekkt bruk av el-sykkel har auka radiusen for bruk av sykkel sidan regional plan vart utarbeid i 2014.</p> <p>I tillegg jobbar kommunen med å tilrettelegge betre pendlerparkering og ny kollektivterminal på Osøyro.</p> <p>Avgrensing av fortettingssonene kan likevel justerast. Opphavleg avgrensing (administrativt arbeid), hadde kortare avstandar og mindre areal enn høyringsutkastet.</p> | Utvalet ønskjer å vurderer avgrensing av fortettingssonene på nytt.  | O6  | Vedtatt med 5 mot 4 |
| 20.4 | Større områder for framtidig bustadbygging i gjeldande KPA er ikkje vurdert på nytt i høve til mål og retningslinjer i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATPB). KIRU har motsegn til planen på dette punktet.                    | Det har så langt ikkje vore aktuelt å ta ut bustadareal i gjeldande KPA. Men alle gamle utbyggingsområde skal vurderast på nytt, jf. møteplan.  | Utvalet vil gjere ny vurdering av gamle utbyggingsområde ut frå dei 7 vurderingstema som framgår av sak til møte 06.02.2020. | O6  | Samråystes vedteke. |
| 20.5 | Senteravgrensing for Osøyro er for stort og utflytande og står ikkje opp under regionale mål for attraktive senter. KIRU har motsegn til planen på dette punktet.  | Viser til regional areal- og transportplan for Bergensområdet frå 2017. Der står at ei utbyggingssone kan vere opp til 4 km dersom det er god sykkel og gangforbindelse   | Til orientering.<br>Kjem attende til ev. justering av senteravgrensing i eiga sak.   | 010 | Samråystes vedteke. |

|      |   |  |  |     |                     |
|------|---|--|--|-----|---------------------|
|      |   | til sentrum. Viser elles til den «grøne ringen» rundt Osøyro.  |  |     |                     |
| 20.6 | Senteravgrensinga for Lysefjorden lokalsenter er for stort og ikkje del av regional vekstsone. Dette senterområde vil svekke Osøyro som eit regionalt senter og bygge ned grøntareal, i strid med RATPB. KIRU meiner at senteravgrensinga for Lysefjorden bør bli redusert og knyter motsegn til dette punktet.                               | Lysefjorden er definert som eit lokalsenter. Lysefjorden og Lyseparken vil ikkje konkurrere med Osøyro, men utfylle Osøyro som regionsenter.<br>Viser elles til at Lyseparken er godkjent og at meklingsmøte førte fram.   | Til orientering.<br>Kjem attende til ev. justering av senteravgrensing i eiga sak.   | 010 | Samrøystes vedteke. |
| 20.7 | KIRU meiner at det ikkje er mangel på eine- og tomannsbustader i kommunen. Ytre fortettingssone bør opnast opp til å omfatte fleirmannsbustader der det ikkje er i konflikt med andre viktige omsyn.  | Det har vore diskutert å opne opp for meir fleksibel utbygging. Det er viktig med variert bustadtilbod i alle vekstsoner.  | Utvalet vedtar at føring for grad av utnytting, inklusiv høgder, vert fjerna frå føreseggnene. Byggehøgder og utnyttingsgrad må då fastsetjast i neste plannivå. | 06  | Samrøystes vedteke. |
| 20.8 | Hovuddelen av ny detaljhandel skal skje i Osøyro. Men framlegg til KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel i randsona til sentrum . Dei oppfattar at indre fortettingssone (IFO) på Osøyro er sentrumsformål og dermed gjev rom for ordinær detaljhandel. Dette er i strid med Regional plan for attraktive senter. Motsegna fell bort | Heile indre fortettingssone er ikkje ei sentrumsformål. Men innanfor indre fortettingssone ligg det ein sentrumsformål ved Tøsdalsskifte. Det er bare punkt (1) i føresegn 4.3.2 som omtalar sentrumsformålet.<br>Utanom sentrumsformålet er det kun tillatt med handel som kjem inn under unntakskriteriet. | Utvalet tar ikkje motsegn til følgje og beholder føreseggnene slik dei står når det gjeld handel.  | 05  | Samrøystes vedteke. |

|       |   |  |   |                 |  |
|-------|---|--|---|-----------------|--|
|       | dersom føresegne vert endra til kun å omfatte unntaksvarer.   |  |   |                 |  |
| 20.9  | KIRU meiner at føresegne til bygningar og anlegg som nyttar formålet forretning, ikkje er tydeleg nok formulert. KIRU fremjar motsegn til formuleringa i § 4.4.2 (3) og § 5.3.2. Motsegna fell bort dersom føresegne vert endra til kun å omfatte unntaksvarer. | Føresegn 4.4.2 omfattar ytre fortettingssone for lokalsenter Lysefjorden. Punkt (3) omfattar detaljhandel i samsvar med unntaksvarer.<br>Føresegn 5.3.2 om fattar ulike kombinerte føremål, inkludert Lyseparken.  | Føresegne som omfattar Lyseparken blir justert i samsvar med resultatet frå meklinga og godkjenninga av områdeplan for Lyseparken.  | O5              | Samrøystes vedteke.  |
| 20.10 | KIRU har motsegn til offentleg område på Søfteland, to naustområde i Søre Øyane og næringsareal på Moberg, grunna kort avstand til veg.   | Statens vegvesen har tilrådd motsegn og KIRU har følgt opp og kome med motsegn. Dette offentlege området på Søfteland er gjort om til idrettsføremål, så motsegn er ikkje lenger aktuell.<br>Næringsområdet på Moberg blir beholdt, motsegn kan avklarast gjennom eige planarbeid. | Motsegn blir tatt til følgje når det gjeld dei to naustområda i Søre Øyane. Offentleg område på Søfteland er alt tatt ut av planen. Motsegn til næringsområde på Moberg blir behandla i neste sak, saker som må vurderast politisk. | O1<br>O10<br>O6 | Setning 1 vedtatt med 5 mot 4.<br>Dei andre vart samrøystes vedteke. |
| 20.11 | Akvakultur må få mogelegheit til å utvikle sine lokalitetar så akvakulturområda må ikkje vere for små.  | Dette er behandla og tatt omsyn til ved tidlegare fråsegn og behandling.   | Til orientering.  | O6              | Samrøystes vedteke.  |
| 20.12 | KIRU har motsegn til ei rekke byggjeområde grunna konflikt med automatisk freda kulturminne. Dei har motsegn fram til nye registeringer av automatisk freda kulturminne er korrekt teikna inn på plankartet.  | Sjå eigen tabell for full oversikt.  | Til orientering. Kjem attende til dette i eiga sak om motsegn til enkeltområder.  | O10             | Samrøystes vedteke.  |

|       |  |   |   |    |                     |
|-------|--|---|---|----|---------------------|
| 20.13 | <p>Dei rår til at det vert innarbeida generelle føresegner, knytt til omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse og verdi. Alle automatisk freda kulturminne, inklusive minimum 5 m sikringszone, bør visast på plankartet som omsynssone. Dei viser til slutt til det generelt kravet i § 9 i kulturminnelova om undersøkelsesplikt for alle offentlege og større private tiltak og planar.</p> | <p>Alle automatisk freda kulturminne er lagt inn i DOK-kartet, med naudsynt sikringssone. Dette kartlaget kan overførast til arealplankartet og leggjast inn som ei omsynssone.</p> | <p>Det vert innarbeida generelle føresegner knytt til kulturminne. Det vert lagt inn omsynssone rundt alle automatisk freda kulturminne. Det generelle kravet om undersøkelsesplikt blir ikkje lagt inn då dette er ivaretatt gjennom anna lovverk.</p> | O5 | Samrøystes vedteke. |
|-------|--|---|---|----|---------------------|